

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Saksbehandlar: Håkon Haugan Grønn

Telefon direkte:

Vår dato: 13.11.2023

Vår referanse: 23/07510-3

Deres dato:

Deres referanse:

Høring – søknad om fornya konsesjon Fedje helikopterplass, Høgden.

Fedje kommune søkte i brev datert 18. september 2023 om fornya konsesjon for å drive og inneha Fedje helikopterplass, Høgden.

1. Bakgrunn

Fedje kommune fekk ved Luftfartstilsynets vedtak 17. mars 2014 konsesjon til å drive og inneha Fedje helikopterplass, Høgden. Konsesjonen vart gitt med 10 års varigheit, frem til og med 17. mars 2024.

Det er søkt om konsesjon for eit trafikkomfang tilsvarande dagens trafikk. Gjeldande konsesjon opnar for 1200 flybevegelsar per år + 25%. Helikopterplassen vert nytta til transport av losar til og frå skip. Losflyginga vert for tida utført av firmaet Airlift AS på vegne av Kystverket.

Me viser dessutan til kopi av søknaden, som saman med dei andre høyringsdokumenta er tilgjengeleg på www.luftfartstilsynet.no, under fanen «Høring».

2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartsloven) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartsloven § 7-6 skal konsesjon bare gjevast når det er «forenlig med allmenne hensyn». Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærmare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som lyder:

«Formålet med forskriften er:

- b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følger elles av luftfartsloven § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn nødvendig. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

I konsesjonsforskrifta § 14 er det stilt krav til opplysningar som skal følgje ein søknad om fornying av konsesjon med tanke på det faktiske grunnlaget for saka.

3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av vidareføring av drifta av helikopterplassen på Høgden opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyn som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber vi om at det i fråsegna blir tatt stilling dei forholda som er framheva i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sendt per post. Alle høyringsdokument er likevel tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under fanen «Høyringer».

3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følger av luftfartsloven § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtatt arealplanar etter plan- og bygningsloven. Ein kan likevel gi konsesjon i strid med arealplan dersom vedkommande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Etter Luftfartstilsynets vurdering vil ei fornying av konsesjonen for Fedje helikopterplass, Høgden ikkje være i strid med vedtatt kommunal arealplan etter plan- og bygningsloven. Me ser like fullt gjerne at kommunen kommenterer særskilt på dette punktet.

3.2 Forholdet til naturmangfoldloven

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) §§ 8 til 12, jf. § 7. Reglane her stiller krav til at forvaltninga skal leggja til grunn visse prinsipp ved utøving av offentlig myndighet.

Luftfartstilsynet er kjend med Fedjemyrane landskapsvernområde som ein burde vera særskilt varsam på i denne samanhengen. Søkjaren viser til miljøutgreiing av 19. juni 2013. Her går det frem at drift på Fedje helikopterplass, Høgden, ikkje vil ha ein verknad på landskapsvernområdet.

Sidan søknaden gjeld framhald av ei etablert verksemd, er det vanskeleg for Luftfartstilsynet å sjå at ei fornying av konsesjonen vil kome i konflikt med prinsippa i naturmangfoldloven, eller at det er grunnlag for nærmare undersøking etter lova.

Luftfartstilsynet reknar likevel med at høyringsinstansane kan ha større kunnskap om naturmangfaldet i området, og landingsplassens moglege verknad på dette. Om ein meiner tilhøva er såleis at det vert nødvendig med ei nærmare vurdering, bes det om ein særleg kommentar om dette ved sidan av oversending av det konkrete kjeldegrunnlaget kommentaren byggjar på.

3.3 Dispensasjon frå kravet om støyberekning.

Det er eit krav i konsesjonsforskrifta § 14 første ledd bokstav d, jf. § 11 tredje ledd, at støyberekningar i tråd med Klima- og miljødepartementet si retningslinje T-1442 i utgangspunktet skal være utarbeidd. I medhald av § 11, tredje ledd, andre punktum, kan likevel Luftfartstilsynet dispensere frå dette kravet.

I konsesjon gjeve 17. mars 2014 for Fedje helikopterplass, Høgden, vart det dispensert for kravet om støyberekningar. Det ligg ikkje føre nokon endra situasjon. Konsesjonshavaren har søkt om dispensasjon frå kravet om støyberekning også i denne søknadsrunden. Som grunngeving for dispensasjonssøknaden seier kommunen at helikopterplassen ligg 700 meter frå nærmaste bustadhus/ hytte og at det vart nytta støysvake helikopter. Samstundes oppgir kommunen at klager over støy er fråverande.

Før eventuell dispensasjon vert gjeve, er det ynskeleg med høyringsinstansanes syn på saka.

3.4 Konsesjonsvilkår

Det vedlagte utkastet til konsesjonsvilkår bygger på Luftfartstilsynets alminnelege praksis og mal for vilkår, og opplysningar i søknaden.

3.4.1 Trafikkomfang

Gjeldande konsesjon opnar for 1200 flybevegelsar per år + 25 %. Det er søkt om å oppretthalde same talet på flybevegelsar i den nye konsesjonen.

Trafikkomfanget vert sett til 1500 flybevegelsar per år. Luftfartstilsynet vil understreka at ein flybevegelse er enten ein avgang eller ei landing med luftfartøy. De 1500 flybevegelsane vil omfatte all aktivitet på helikopterplassen.

Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal flybevegelsar, må ein endra konsesjonen fyrst.

Elles visar vi til utkastet til konsesjonsvilkår.

4. Høyringsfrist

Vi ber om at eventuelle fråsegn til søknaden og konsesjonsvilkåra vert sendt til Luftfartstilsynet **innan 13. februar 2024**.

Kommunen må i forbindelse med høyringa sjølv vurdere om søknaden skal leggst ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn gis.

Vår dato
13.11.2023

Vår referanse
23/07510-3

Med vennleg helsing

Finn Owen Meling
Fagansvarleg
Direktoratsavdelingen

Håkon Haugan Grønn

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur.

Kopi til: Flyplass-flysikring - Per Ivar Østensen, FEDJE KOMMUNE